Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Ullensvang

Emne: Drikk til maten til kvardags. | Bygdelag: Sørfjorden

Oppskr. av: Vidar Rogdo, | Gard: Rogdo

(adresse): Nå. | G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter Jakob Åkre. Alder 58 år. Heimstad: Rogdo. Yrke: Gardbrukar

SVAR

1.) Mjölk. Nysyet mjölk har vorte og vert bruktx til born og sjuke, vaksne og friske menneske lyt greia seg med skumma mjölk og "skyr" - surmjölk.
Ja. bruken av mjölk har auka i höve til betringa av kosthaldet i seinare år, men det kan nok vera at det vart drukke noko meir skyr - (eller sjyr ~~som ligg nærast uttalen her~~) - i sumarhalvåret för i tida. Det var oftast gamal stampeskyr som var oppsamla för ein sende kyrne til stöls.

2.) ~~Gl.~~ Jau. i sumarhalvåret hadde ein skyrspannet med seg på slåtteteigen og tok seg ein slurk når det vart for varmt, skyra var og svært etterstrakta på varme sumardagar, og kan nemne eit döme på det: Tre karar var ein gong og slo på ein avsides stad ein varm sumardag. Då det lid på, rusla dei av stad og skulle svala seg med skyr. Den eine sprang i förevegen og fann ut at der var kje meir skyr enn

6503

at han måtte ha henne sjölv, så fann han fram eit stygt dyr (vissnok ei padde) og slo surmjölk over det, då dei to andre karane kom etter fortalde han tunskyeldig: „Ja dette udyret låg i skyra, men eg skal no våga å drikka skyra lell eg.“ Og det gjorde han altså, medan dei andre to – med sin estetiske sans – stod og såg på – turre i munn og hals så det sveid.

3. Saups vart det når ein kinna, men det var kje stort ein drakk av ho. Ein laga prim. Ein laga skyr av mjölka som eg har nemnt ovafor.

4. Öl. Det må vel vera bortimot hundre år sidan folk her nytta öl som kvardagsdrykk. Noko nemne utanom öl kjenner me kje til herifrå. Derimot vert det laga – eller sett til – eit slag drikke som vert kalla sats, men det vert ikkji bruka attåt maten. Det vert mest brukt i fyllegjelde til jol og andre tider. Sume er det og som lagar maltöl. Det er svært få no som har öl med seg på slåtteteigen, ja ein kan vel seia at det er heilt slutt, men för var det nok sume som bruka öl i staden for skyr når dei ikkji hadde det.

5. Kaffi. Det er ca. 50 år sidan

6503

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Andre stad



ein tok til å bruka kaffi her. Til å byrja med var det nok ein festdrikk. Folk flest syntest nok han var for dyr til kvardagsdrykk.

6. Det gjekk nok ikkje så mange år før det vart kvardagsdrykk, noko visst årstal er det vanskeleg å seia, for dei som stod seg bra økonomisk tok nok kaffien i bruk straks som kvardagsdrykk. Dei andre laut nok venta nokre år.

7. No drikk ein kaffi 2 gonger for dagen – til frukost og non, men sjølvsagt er det dei som „lurkar på gruten" oftare enn berre ved desse måla.

8. Fyrst fyller ein vatn på kjelen og ~~så mel ein~~ set han over varmen eller på plata, så mel ein kaffi og fyller nedpå kjelen med det same, sume ventar til vatnet har kokt opp før dei har kaffien nedpå. Ingen her bryr seg med å gjera kaffien klår no. og me kjenner ikkje til at nokon har gjort noko for dette før heller, derimot har me høyrt gjete at fiskarane brukar fiskeskinn som er turka til å klåra kaffien med. Ja. i kjeringlag hender det at ein driv med spåing i gruten. Kjenner lite til noko faste reglar. Ser ein noko som har likskap med ymist som t. d. ein barnefat, ja så vert det ein baby med det fyrste,

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6503

elles gjeld det om å bruka fantasien, di betre den er, di fleire figurar og ornament ser ein i kaffikoppen.
9. Ein brukar ikkje sukker i kaffien sin kvardags (sjölvsagt finst det unnatak), men ved festlege höve og når ein får gjester, er det vanleg å setja fram mola-sukker som ein kjöper på krambua. Har ein ikkje mola-sukker for hand, set ein fram vanleg sukker.
10. Ein har flöyte, eller flöyte-mjölk i kaffien. Ofte tek ein den flöyten ein skolar av sepe-ratoren etter at ein har separert. Den vert ikkje så tjukk som den andre flöyten. Har ikkje höyrt om at nokon her har brukt ost i kaffien. Heller ikkje kan nokon her minnast at det har vore brukt å vispa egg i kaffien.
11. Te. Er svært lite brukt her. Karvete og nyponte har så vidt vore brukte, og kjeringrokk-te til medisinsk bruk. Te-en kom vel i bruk om lag på same tid som kaffien, altså för 50-70 år sidan.
Brennevin 12. Det hende nok at ein bruka brennevin ved dugnader, men elles gjekk det no mest på heimabrugg. Det er vel ikkje anna enn lassisar som har bruka brennevin i onnetidene.
13/ Nyare drykk. Noko fast bruk av kjöpe-öl vörterøl, selters og brus er det ikkje. Ein kjöper det i ny og ne som det höver seg med lyst og ulyst.

6503
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING